

---

Referent: Matti Torgersen  
Dato: 21.06.2021

---

Emne:	Forprosjektrapport Fv 49 Nordrepollen-Austrepollen - Referat frå møte mellom kommunane Kvinnherad, Ullensvang og Kvam og Vestland fylkeskommune 18. juni 2021	
Til stades:	Roald Aga Haug Hans Inge Myrvold Torgeir Næss Dina Lefdal Kathrine Løno Lahlum Carl-Erik Nielsen Ann Kristin Nes Bente Øyre Eva Sundal Matti Torgersen	
Forfall:		Sak: 2021/19066 - 2
Møtetid:	Fredag 21.juni kl 13.00-14.05	Møtestad: Teams

Møteleiar: Dina Lefdal

### Teknisk forprosjekt

Rapport for teknisk forprosjekt for fv.49 Nordrepollen-Austrepollen vart sendt ut før møtet. Bente Øyre gjekk gjennom rapporten. Rapporten fokuserer på geologi (skredfare, anleggsfase og ettersituasjonen) og geoteknikk (lausmasser og fylling i sjø), og det er teikna lineføring mellom tunnelopning og eksisterande veg, samt påkopling til dagens vegnett.

Det er sett på eit påhuggspunkt i Nordrepollen, påhuggspunkt B. Dette er vurdert som byggbart, men krev noko utfylling i sjø.

Det er vidare sett på 4 moglege påhuggspunkt i Austrepollen, to ved fjorden (E og F) og to innover dalen mot Folgefonntunnelen (G og J). E og J er silt ut. Påhugg F ligg i ur, og det er usikkerheit knytt til djupne til berg i påhuggsområdet. Det vil krevje seismiske undersøkingar og andre supplerande grunnundersøkingar. Vidare må det gjennomførast grunnundersøkingar og stabilitetsutrekingar for sjøfylling. Påhugg G ligg også i ur, og det er behov for seismiske undersøkingar og supplerande grunnundersøkingar. Det vil krevje grundig geoteknisk vurdering av moglegheit for open graveskråning eller lausmassetunnel, og også grunnundersøkingar for fundamentering av mur mot elva. Rapporten konkluderer med at det er krevjande å finne løysingar særleg i Austepollen, og det er behov for meir undersøkingar før det vert klårgjort om løysingane er byggbare og kva for påhugg F eller G som bør regulerast.

Alternativ B-F er grovt kostnadsrekna til 420-1 000 mill. kr, mens alternativ B-G er kostnadsrekna til 485-1 200 mill. kr.

### Fylkeskommunen sine vurderingar

Matti Torgersen gjekk gjennom fylkeskommunen sine vurderingar.

I samband med regional transportplan som er på høyring, er det utarbeidd ei fagleg vurdering av skredpunkt basert på trafikkgrunnlag og førekomst av skred. På denne lista har to av strekningane mellom Nordrepollen

av 3

og Austrepollen prioritet som hhv. nr. 9 (Bergfjellstunnelen nord-Kjølebukta) og nr. 10 (Mjøstølsneset-Bergfjellstunnelen sør). I Statens vegvesen si skredliste frå 2019 som tek omsyn til også andre faktorar som m.a. omkøyringsveg og stengingar, har dei to strekningane ein skredfaktor som inneberer at dei ligg som nr. 72 og nr. 86 av fylkesveggar i Vestland.

I samband med vedtak av Nasjonal transportplan 2022-2033 vedtok Stortinget at det skal utarbeidast ein nasjonal plan for skredsikring av riks- og fylkesvegnettet. Det ser likevel ikkje ut til at det vert sett av meir midlar til rassikring til fylkesveg i NTP 2022-2033, men det vert noko meir midlar til vedlikehald av fylkesveg.

Vestland fylkeskommune skal arbeide vidare med prioritering av tiltak for økonomiplanperioden 2022-2025. Av større prosjekt ligg i økonomiplanperioden er bru over Esefjorden med kostnadsanslag på 771 mill. kr. og Tokagjelet på om lag 2,5 mrd kr, Tokagjelet er ikkje fullfinansiert, det er avsett 221 mill kr. i økonomiplanperioden. Fylkeskommunen tek sikte på å utarbeide ein langsiktig prioriteringsliste for skredsikringsprosjekt fram mot første rullering av handlingsprogrammet i juni 2022. Både skredsikringslistene til fylkeskommunen og til Statens vegvesen vil vere viktige, saman med høyringsinnspel til RTP.

Det vert utarbeidd strekningsvise analysar for nokre vegar i funksjonsklasse B (regionale hovudveggar) - m.a. fv 49 - med vurdering av behov og prioritering av tiltak.

Det er starta opp eit arbeid med KVVU E134-Bergen («Hordalandsdiagonalen»). Ein Hordalandsdiagonal vil truleg bli riksveg. Strekninga Nordrepollen-Austrepollen er ein av fleire moglege alternativ for ein slik trase. Statens vegvesen har føreslått at samfunns målet for KVVU E134-Bergen skal vere å gje eit meir effektivt vegsamband mellom Bergensområdet og Austlandet via E134. Om strekninga Nordrepollen-Austrepollen blir ein del av ein Hordalandsdiagonal, er det følgeleg grunn til å tru at staten vil ønskje løysingar og standardval som bidreg til innkorting av reisetid. Fylkeskommunen si målsetjing for ein ny tunnel vil hovudsakleg vere knytt til skredsikring.

Fylkeskommunen ønskjer å avvente vidare planlegging av tiltaket til arbeidet med KVVU E134-Bergen har kome lenger, og til arbeidet med samla portefølje for rassikringsprosjekt i handlingsprogrammet for RTP er avklara. Reguleringsplan er kostnadskrevjande, og ein risikerer å måtte ta opp igjen delar av planen når det skal byggjast etter gamal reguleringsplan. Det er difor ikkje hensiktsmessig å starte opp arbeid med reguleringsplan før vi veit at prosjektet skal byggjast.

### Drøfting

Synspunkt frå drøftinga:

- Det vart gitt uttrykk for forståing for fylkeskommunen sine vurderingar. Det er likevel eit stort press lokalt, og kommunane ber om at strekninga har høg prioritet.
- Det er ei utfordring å leve i eit rasutsett område, der det også har vore vegstenging i ein lang periode.
- Det er eit stort behov for å sikre vegen, og strekninga er ein viktig internveg i Ullensvang kommune.
- Vegen er viktig i eit nærings- og busetnadsperspektiv. Det er eit ønskje om å skape eit felles bu- og arbeidsmarknadsområdet for Odda-Kvam- Kvinnherad.
- Det er også andre utfordringar i tillegg til ras på vegen, som at det er bekkar som renn ut i vegbanen som dreg med seg grus og vegetasjon.
- Viktig å arbeide mot sentrale styresmakter for at midlar til rassikring på fylkesveg blir prioritert
- Fylkeskommunen oppfordra kommunane til å ta opp prosjektet i høyringa til Regional transportplan.

Fylkeskommunen legg fram referatsak om rapporten til møte i hovudutval for samferdsel og mobilitet over sommaren.

